



Sjølvkøyrande buss i Førde

Velkomen til den første sjølvkøyrande bussen i Vestland!

Det som starta som eit initiativ frå studentar ved Campus Førde, Høgskulen på Vestlandet, er no realisert: Førde har fått ein sjølvkøyrande buss! Bussen skal køyre ei 2 km lang sløyfe mellom Concord ved riksveg 5 og Ytre Øyrane.

På Campus Verftet har skuleelevar og studentar nyleg tatt i bruk eit nytt areal for kompetansesatsing i teknologiutdanningar.

Bak pilotprosjektet står Skyss, Sunnfjord kommune, Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde, saman med sponsorane BKK og Eninvest. Målet er at innbyggjarane i Førde skal bli kjende med framtidretta mobilitet, og å skaffe kunnskap om korleis reisande, publikum og medtrafikantar tek imot sjølvkøyrande buss i bybildet.

Prosjektet er eit viktig steg for Sunnfjord kommune for å finne berekraftige og innovative løysingar innan mobilitet. Vy har kontrakten for busskøyeringa.

Etter prøveperioden vil Skyss vurdere vidare bruk av autonom buss i rutetilbodet.

Bussen starter 16. september 2021 og går kvar måndag til fredag mellom kl. 8-17.

Har du spørsmål? Kontakt Skyss: kunde@skyss.no



ENIVEST



HELSE FØRDE



Høgskulen på Vestlandet

skyss



Sunnfjord kommune

